

# Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2020 – Rettleiing til utfylling av skjemaet

## Svarfrist **20. januar 2021**

Her gis ei rettleiing for korleis enkelte av oppføringane bør gå føre seg. Rettleiinga er tilpassa det elektroniske skjemaet. Det meste av informasjonen er å finne under **i**-knappen i det elektroniske skjemaet. Skjemaet er programmert med automatiske kontrollar i tilknytning til manglande utfylling av felt og med sumkontrollar. Navigering mellom felta i skjemaet er enklast ved bruk av Tab-tasten. I alle tilfella der vi ber dykk føre opp tal, skal 0 registrerast dersom det ikkje har vore nokon aktivitet eller der tal ikkje er tilgjengelege.

Ein skal ikkje rapportere all aktivitet i soknet, berre nokre sentrale delar av den aktiviteten som presten(-ane), soknerådet og dei tilsette har ansvar for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, uavhengig av soknerådet, skal ikkje vere med i dette skjemaet, med mindre aktiviteten/tiltaket blir drive i samarbeid med soknerådet og inngår i årsmeldinga til soknerådet. Dette gjeld særleg del 6 og 7 i skjemaet.

Skjemaet fokuserer på kyrkjeleg verksemd og aktivitet i soknet. Soknerådet er det ansvarlege organ for føringa av årsstatistikken. Soknerådet oppnemner ein kontaktperson som, i samarbeid med soknepresten i soknet, fyller inn opplysningar om året som har gått. **Alle felt skal fyllast ut** (med null dersom ingen aktivitet på feltet).

## 1 Opplysningar om soknet

**i** Kommunenummer, organisasjonsnummer, namn og adresseopplysningar er fylte ut på førehand og skal ikkje endras. Dersom det er feil i dei opplysningane som er fylte ut på førehand, ber vi om tilbakemelding om det. Opplysningar om namn og e-post på skjemaansvarleg samt telefonnummer skal vere for den som fyller ut skjemaet og/eller er kontaktpersonen for skjemaet.

## 2. Kyrkjelege handlingar

**For føring av dei kyrkjelege handlingane vil medlemsregisteret vere eit utgangspunkt for grunnlagstal.**

### 2.1 Kor mange blei konfirmerte i soknet?

**i** Talet på konfirmantar som deltok i forbønshandling(konfirmasjon) innanfor soknet sine grenser. Dette kan også gjelde konfirmantar frå andre sokn, som står til konfirmasjon i soknet(registreringssoknet).

### 2.2 Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?

**i** Her fører ein vigslar som er innførde i vigselboka i samsvar med retningslinjene for kyrkjebokføringa, jf. rundskriv V-5/2006. Det er alltid kyrkjebokføraren i det soknet der vigselen finn stad som registrerer vigselen i vigselboka og ser til at han blir registert i dei kyrkjelege registra.

Deltakartalet som ein spør etter, er deltakarar (brurefølgjet) som har vore til stades på vigselen. Dersom soknet ikkje har registrert tala, fører ein 0 eller gjev eit tal etter skjøn. Dersom det er tilfellet, ver så venleg å gjere merksam på tilhøvet i pkt. 11, merknader.

### 2.3 Kor mange forbønshandlingar for borgarlege giftarmål blei utførte i soknet?

### 2.4 Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?

**i** *Hovudregelen er at gravferda blir registrert/kyrkjebokført i det soknet (a) der avdøde var busett og der presten i denne kyrkjelyden utfører handlinga, uavhengig av om handlinga finn stad i eiga kyrkje/kapell eller ein bruker ei kyrkje/kapell utanfor soknet. - Gravferder som går føre seg utanfor soknet.*

Dersom gravferda går føre seg i ei kyrkje/krematorium (b) utanfor soknet a og har med prest frå soknet a, skal gravferda førast i sokn a. Dersom b blir nytta og prest frå sokn b har utført gravferdshandlinga, skal ho førast i sokn b. Med andre ord førast gravferda i det soknet der presten har hovudenestestaden sin.

2.4.b ... kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)? Gjeld ikkje gravkapell o.l.

---

### 3 Gudstenester

**i** Her fører ein totalt tal på gjennomførte gudstenester, også gudstenester på institusjon. Føljande er å rekne som gudsteneste utanom høgmesse/hovudgudsteneste; morgonsong, aftansong, kveldsbøn, barnehagegudsteneste, samtalegudsteneste, skulegudsteneste, vandregudsteneste, temagudsteneste, musikk gudsteneste, gudsteneste på leir som tilhøyrar soknet. Tidebøns gudstenester med liturgisk innhald skal ein også telje med. Dersom kyrkjelyden har eigne dåpsgudstenester tel ein desse som eigne gudstenester. Andakter skal ikkje vere med her. Andaktene skal registrerast på 6D8. Viss fleire sokn held felles gudsteneste, er hovudregelen at gudstenesta og deltakarane blir førte opp i det soknet der gudstenesta blei halden, men avhengig av kven som hadde ansvaret for gjennomføringa av gudstenesta. I pkt. **3.D** fører ein opplysningar om opp felles gudstenester.

#### 3.A Talet på gudstenester og deltakarar

##### 3.A.1 Kor mange gudstenester blei totalt haldne på søn- og helgedagar?

**i** I kyrkja, på institusjonar og andre stader. Ta med julaftan, 1. og 17. mai, påske, pinse- og nyttårsaftan. Utanom hovudgudstenesta gjeld dette også alle andre gudstenester haldne på søn- og helgedagar, for eksempel eigne dåpsgudstenester, kveldsgudstenester og liknande.

##### 3.A.2 Kor mange gudstenester blei totalt haldne utanom søn- og helgedagar?

**i** Alle andre gudstenester enn i spørsmål 4.A.1

##### 3.A.3 Totalt (sumfelt)

Ingen infoknapp, automatisk sumering av 4.A.1, 4.A.2

---

#### 3.B Fordel totalt tal på gudstenester, etter kvar dei fann stad

3.B.1 .... kyrkja(ene) i soknet?

3.B.2 .... på institusjon i soknet?

3.B.3 .... på ein annan stad, verken i kyrkja(ene) i soknet eller på institusjon i soknet? Til dømes leir, vandregudsteneste, friluftsgudsteneste, bygdehus og liknande.

3.B.4 Totalt tal gudstenester. (NB!! Summen skal vere lik 4.A.3)

---

#### 3.C Kor mange av desse typane gudstenester blei gjennomførte?

**i** I det følgjande skal det førast opplysningar om nokre utvalde typar gudstenester. Skriv talet 0 dersom det er ein type gudsteneste soknet ikkje har.

##### 3.C.1 Gudstenester med nattverd

**i** Her fører ein alle gudstenester der det har vore gjennomført nattverd (utan omsyn til type gudsteneste). Soknebod skal ikkje tas med her, men førast på pkt. 6.D.9.

##### 3.C.2 Gudstenester med skriftemål

**i** Her fører ein alle gudstenester der det har vore gjennomført skriftemål. Nokre av desse vil òg vere nattverdsgudstenester og skal oppgis både her og i rubrikken over.

##### 3.C.3 Hovudgudsteneste særlig tilrettelagd for barn

**i** Ikkje julaftan. Her fører ein gudstenester som tidlegare blei ført under «Familie- og barnegudstenester», for eksempel gudstenester knytt til trusopplæringstiltak.

##### 3.C.4 Gudstenester særlig tilrettelagd for ungdom

**i** Ikkje konfirmasjonsgudstenester

##### 3.C.5 Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

**i** Påskevandringar og liknande skal førast under punkt 6.A.4.

##### 3.C.6 Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn?

**i** Gjeld gudstenester for grunnskolen (barne- og ungdomsskole)

##### 3.C.7 Gudstenester med dåp

**i** Her reknast ordinære søndagsgudstenester med dåp samt eigne dåpsegudstenester, inkludert dåpsegudstenester som blir haldne på kvardagar. Gudstenester med både dåp og nattverd i same gudsteneste, skal tas med både her og under 4.C.1.

### 3.C.8 **Konfirmasjonsgudstenester**

**i** Her reknast også gudstenester som er haldne på laurdagar.

### 3.C.9 **Julaftansgudstenester**

### 3.C.10 **Gudstenester i påska**

**i** Alle gudstenester i påska, frå skjærtorsdag til og med 2. påskedag teljast med her. Også påskenattsgudsteneste.

### 3.C.11 **Gudstenester Kristi Himmelfartsdag**

### 3.C.12 **Gudstenester i pinsa?**

**i** Alle gudstenester i pinsa, 1. og 2. pinsedag, samt eventuell pinseaftangudsteneste.

### 3.C.13 **Gudstenester med samisk innslag**

**i** Her meiner ein gudstenester der heile eller delar av gudstenesta går føre seg på samisk. Dersom preika eller bønner blir omsett til samisk, ein syng salmar på samisk eller andre samiske innslag inngår i ei gudsteneste, skal også denne reknast med i pkt 3.C.13.

### 3.C.14 **Allehelgensgudstenester**

**i** Her meiner ein hovudgudstenesta halden på Allehelgenssøndag, samt andre typar gudstenester på Allehelgenssøndag eller i samband med Allehelgenssøndag.

### 3.C.15 **Økumeniske gudstenester**

**i** Her meiner ein gudstenester haldne saman med andre kristne trussamfunn.

### 3.C.16 **Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon**

**i** Her fører ein t.d. Skaperverkets dag, søndag for dei forfølgte, misjonsgudstenester og globale messer og gudstenester knytt til fasteaksjonen.

---

## 3.D **Felles gudstenester**

Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn?

---

## 4. **Kontakt med barnehage og skole**

### 5.A **Besøk i kyrkja utanom gudsteneste**

4.A.1 Av barnehage

4.A.2 Av skoleklasse

**i** Gjeld både barne- og ungdomskole (grunnskolen)

5.a.1 besøk av barnehage i kyrkja – I det første feltet, talet på besøk av barnehagar i kyrkja, fører ein kor mange gonger barnehagar har vore på besøk. Ikkje talet på besøkjande barn.

I det andre feltet, talet på avdelingar – fører ein som eksempelet under viser:

Eks. 1 – Ein barnehage har vore på besøk 1 gong med 2 avdelingar:

Tal på avdelingar =  $1 \times 2 = 2$

Eks. 2 – barnehagar har vore på besøk i kyrkja 3 gonger. 2 gonger var det 3 avdelingar.

Da fører ein  $2 \times 3 = 6$ . Ein gong var det 2 avdelingar. Da fører ein  $1 \times 2 = 2$

Totalt tal avdelingar:  $6 + 2 = 8$

Tilsvarende fører ein besøk av skoleklasser i kyrkja utanom gudstenester, pkt. 5.a.2:

Tal på skoleklasser: Talet på besøk x talet på skoleklasser.

### 4.B **Besøk av prest, kateket, trusoplærar eller annan kyrkjelydsarbeidar?**

**i** Særskilte møter med tilsette skal ikkje teljast med. Besøk i fleire avdelingar i same barnehage på same dag, alternativt i fleire skoleklasser på same skule på same dag reknar ein som eitt besøk.

4.B.1 I barnehage

4.B.2 I skoleklasse

**i** Gjeld både barne- og ungdomskole (grunnskolen)

Her tel ein kor mange gonger presten/kateketen har vore på besøk i barnehage og/eller skule. Eks. Har presten vore 2 gonger på besøk i barnehagen, og møtt 2 avdelingar kvar gong, tel ein  $2 \times 2 = 4$  avdelingar.  
Tilsvarende for skoleklasser.

#### **4.C Dreiv kyrkjelyden barnehage?** Kor mange barnehagar blei drivne i kyrkjelyden sin regi?

**I** Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller soknerådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eigar, sitt i stiftinga og liknande, og som kyrkjelyden reknar som "sin barnehage".

Dersom kyrkjelyden driv open barnehage, fører ein talet på barn som barnehagen er godkjend for. Med open barnehage meiner ein; Opne barnehagar har inga fast gruppe av barn, men tek imot barn saman med foreldra eller andre vaksne til leik og sosialt samvær."

---

## **5 Opplæring og diakoni**

### **5.1 Har kyrkjelyden vedteke lokal diakoniplan?**

---

## **6 Ulike tilbud til barn og vaksne**

**I** I delane (6-9) skal ein føre opplysningar om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvaret for, og som inngår i soknerådets planar og rapportar. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det først i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal først i det soknet der aktiviteten fann stad.

I alle punkta i dette feltet er det førd opp ein eigen kolonne med ja/nei spørsmål i samband med eventuelt samarbeid om tiltak mellom sokn. I kvart av underfeltet i pkt. 6 (6.A.7, 6.B.4, 6.C.4 og 6.D.15) er det eit eiga felt kor ein kan føre kva for sokn som samarbeider om eit tiltak (for å unngå dobbeltføringar i fleire sokn). Dersom soknet ikkje har samarbeid om noen aktivitetar i de ulike feltet, kan ein svare «nei» på dette spørsmålet først i det aktuelle feltet. Da vil alle spørsmåla om samarbeid lukke seg.

### **6.A Tilbod til barn 0-12 år**

Her først opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 0-12 år. Ein person registrerast kunn ein gong. Då oppmøtet kan variera frå gong til gong kan det først ein anslag på kor mange barn (unike deltakarar) som nyttar tilbodet.

#### **6.A.1 Arrangerte kyrkjelyden babysong eller småbarnsong for barn 0-5 år?**

**I** Feltet inkluderer også trilletreff. I dette feltet tek ein med berre talet på barn.

I dette feltet fører ein alle tiltak som omfattar babysong og som kyrkjelyden er engasjert i, inkludert tiltak som også blir rapportert til trusopplæringa.

#### **6.A.2 Dreiv kyrkjelyden søndagsskole?**

I dette feltet fører ein alle tiltak som omfattar søndagsskole og som kyrkjelyden er engasjert i, inkludert tiltak som blir rapportert til trusopplæringa.

#### **6.A.3 Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbud for barn 0-5 år utover det som er rapportert med timer i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan?**

Gjeld tilbud om grupper, klubb o.l. som blir gjentatt med regelmessige samlingar, og som ikkje rapportert med timar og talet på deltakarar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan. (Kontinuerlege tilbud som er oppført «under streken» i Planverktøyet skal teljast her). Korarbeid rapportert under pkt. 7.

#### **6.A.4 Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement for barn 0-5 år utover det som er rapportert med timer i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan?**

**I** Spørsmålet gjeld tidsavgrensa tilbud som ikkje rapportert med timar og tal på deltakarar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan. Til dømes ulike verkstad, jule- og påskevandring i kyrkja o.l. (Enkeltarrangement som er oppført under andre tiltak i

trusopplæringsplan skal teljast her). Korarbeid rapporterast under pkt. 7. Gjeld ikkje tiltak som vert organisert gjennom barnehage. Jf. pkt. 4.

**6.A.5 Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for barn 6-12 år utover det som er rapportert med timar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan?**

**i** Spørsmålet gjelder tilbud som gjentas med regelmessige samlinger som ikke rapporteres med timer og antall deltakere i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan. Gjelder ulike tilbud som klubb, barnegrupper, speider. (Kontinuerlige tilbud som er oppført «under streken» i Planverktøyet skal telles her). Korarbeid rapporteres under pkt. 7.

**6.A.6 Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement for barn 6-12 år utover det som er rapportert med timar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan?**

Spørsmålet gjeld tidsavgrensa tilbod som ikkje rapporterast med timar og talet på deltakarar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan. Gjeld ulike tilbod som leir- og overnattingsturar, pilegrimsvandringar, juletreffest, jule- og påskeverkstad, adventssamling, kurs o.l. Gjeld ikkje tiltak som blir organisert gjennom skole. Jf. pkt. 4. (Enkeltarrangement som er oppført «under streken» i Planverktøyet skal teljast her).

6.A.7 I dette feltet er det mulig å spesifisere nærare fellestiltak. For å unngå dobbelrapportering av deltakarar i tilbod kor sokna samarbeider om fellestiltak, spesifiserer ein det i dette feltet korleis fellestiltaka er ført i skjema, til dømes i kva for sokn(skjema) deltakarane er ført i.

---

**6.B Tilbod til unge 13-17 år**

**i** Her fører ein opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 13-17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. I spørsmåla 6B1 og 6B2 spør ein i tillegg etter talet på deltakarar fordelt på aldersgruppene 13-15 år og 16-17 år. Ein person registrerast berre ein gang. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

**6.B.1 Dreiv kyrkjelyden ungdomsklubb, ungdomskafé, nattkafé etc. utover det som er rapportert med timar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan?**

Ein kan telje med konfirmantar her dersom tilboda **ikkje** er ein del av konfirmasjonsundervisninga. Gjeld ulike tilbod om grupper, speidar etc. (Kontinuerlige tilbud som er oppførte «under streken» i Planverktøyet skal teljast her).

**6.B.2 Dreiv kyrkjelyden andre grupper/foreiningar/tiltak for ungdom utover det som er rapportert med timar i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan??**

**i** Spørsmålet gjeld tidsavgrensa tilbod som leir- og overnattingsturar, pilegrimsvandringar, juletreffest, jule- og påskeverkstad, adventssamling, kurs o.l. Gjelder ikkje tiltak som blir organisert gjennom skole. Jf. pkt. 4. (Enkeltarrangement som er oppført «under streken» i Planverktøyet skal teljast her).

---

**6.B.3 Dreiv kyrkjelyden leiarkurs og liknande for unge 13-17 år?**

**i** Omfattar ulike typar leiartrening, hjelpe- og ungdomsleiarkurs, LIV-kurs, MILK-kurs, inkludert leiarkurs som er rapportert i kyrkjelyden sin trusopplæringsplan.

6.B.4 I dette feltet er det mulig å spesifisere nærmare fellestiltak. For å unngå dobbelrapportering av deltakarar i tilbod kor sokna samarbeider om fellestiltak, spesifiser ein det i dette feltet korleis fellestiltaka er ført i skjema, til dømes i kva for sokn(skjema) deltakarane er ført i.

---

**6.C Tilbod til unge vaksne 18-30 år**

Opplæringstilbod og diakonale tilbod til unge i alderen 18-30 år. Talet på deltakarar. Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

- 6.C.1 **Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge 18-30 år?**  
 ⓘ Spørsmålet gjeld tilbod retta mot unge vaksne som vert gjentatt med regelmessige samlingar, t.d. samtalegrupper, idrettsgrupper o.l.
- 6.C.2 **Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge 18-30 år?**  
 ⓘ Spørsmålet gjeld tidsavgrensa tilbod for unge vaksne, som t.d. drettsarrangement.
- 6.C.3 **Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge 18-30 år?**  
 ⓘ Omfattar ulike typar leiartrening.
- 6.C.4 I dette feltet er det mulig å spesifisere nærmare fellestiltak. For å unngå dobbelrapportering av deltakarar i tilbod kor sokna samarbeider om fellestiltak, spesifiser ein det i dette feltet korleis fellestiltaka er ført i skjema, til dømes i kva for sokn(skjema) deltakarane er ført i.

---

## 6.D Ulike tilbod til vaksne

ⓘ Talet på grupper/tilbod. Talet på personar som nytta tilboda?  
 Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

- 6.D.1 **Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfelleskap?**
- 6.D.2 **Organiserte kyrkjelyden bibelkurs?**  
 ⓘ Her tel ein også med tilbod som kyrkjelydskole, serie med bibeltimar o.l.
- 6.D.3 **Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod?**  
 ⓘ Til dømes kyrkjelydskveld, samtalekveldar, kyrkjeforum, fellesskapskveld o.l. Resterande tilbod til vaksne føres i punkt 6.D.14.
- 6.D.4 **Hadde kyrkjelyden tilbod om ekteskapsgrupper/samlivsgrupper?**
- 6.D.5 **Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?**
- 6.D.6 **Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?**  
 ⓘ Her fører ein til dømes hyggekveldar og hyggetreff for eldre, eldres dag, formiddagstreff o.l. Spørsmålet gjeld dersom ein type tilbod er fast, til dømes ein gong i uka gjennom året. Reknast da som eitt tilbod.
- 6.D.7 **Heldt soknet/kyrkjelyden andakter på institusjon eller aldersheim?**  
 I ein andakt feirast ikkje nattverd. Jf. pkt. 4 gudstenester.
- 6.D.8 **Hadde kyrkjelyden besøksteneste?**  
 ⓘ Her fører ein besøk hos eldre, heime-, sjuke- og husbesøk, blomsterhelsing, utdeling av blomster til eldre og etterlatne. Besøkstenesta gjeld både dei besøk som tilsette (også prestar) og frivillige utfører. Besøk i institusjonar reknast også med.
- 6.D.9 **Blei det utført soknebod i kyrkjelyden?**  
 ⓘ Her tel ein nattverd til sjuke og dei som er bundne til heimen, utført av prest eller diakon.
- 6.D.10 **Blei det utført sjelesorgsamtaler i kyrkjelyden?**  
 ⓘ Her tel ein avtala sjelesorgsamtaler utført med vigsla tilsett. Ordinære sorgsamtalar regnast ikkje med her.
- 6.D.11 **Blei det arrangert turar for kyrkjelyden?**  
 ⓘ Her fører ein til dømes kyrkjelyds-, pensjonist-, sommar- og haustturar, pilegrimsvandringar. Talet på turar.
- 6.D.12 **Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid?**  
 ⓘ Integreringsarbeidet gjeld arbeid retta mot a) innvandrarar (innvandrarar, asylsøkjjarar og flyktningar, b) andre utsette grupper.

6.D.13 **Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med funksjonshemjing?**

**I** Her fører ein t.d. tilbod retta mot menneske med utviklingshemjing.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjons definisjon leggjast til grunn for korleis funksjonshemjing skal bli forstått: "FFO talar om funksjonshemming som ein konflikt mellom individets føresetnader og miljøets og samfunnets krav til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe mennesket sitt sjølvstende og sosiale tilvere."

6.D.14 **Hadde kyrkjelyden andre sosiale og diakonale tilbod?**

**I** Til dømes kaffitreff, fellesskapskveldar, seniordans o.l.

6.D.15 I dette feltet er det mulig å spesifisere nærmare fellestiltak. For å unngå dobbeltrapportering av deltakarar i tilbod kor sokna samarbeider om fellestiltak, spesifiser ein det i dette feltet korleis fellestiltaka er ført i skjema, til dømes i kva for sokn(skjema) deltakarane er ført i.

---

## 7 Kyrkjemusikk og kulturarbeid

*Har kyrkjelyden vedteke lokal plan for kyrkjemusikk?*

*Hadde soknet fellestiltak med andre sokn innan kyrkjemusikk, kor og/eller kulturarbeid?*

### 7.A Kor og korgupper

**I** Dersom fleire sokn har kor, korgupper eller gjennomfører anna kulturarbeid saman, skal det først i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal først i soknet der aktiviteten fann stad. Alle medverkande sokn fører opp felles verksemd under 10.1.3.

#### 7.A. Kor mange kor, korgupper blei drive i kyrkjelyden sin regi?

7.a.1 **Kor for barn og unge** – talet på kor/ korgupper.

7.a.2 **Kor for vaksne/familiekor** - talet på kor/ korgupper.

**I** Her først talet på kor og talet på medlemmar i kora. Talet medlemmar telles anten ved kor mange som betaler medlemskontingent eller går i koret noelunde fast.

---

### 7.B. Konsertar, musikkandakter o.l.

#### 7.B.1. Kor mange konsertar, musikkandakter og liknande blei haldne i regi av kyrkjelyden?

**I** Musikk gudstenester skal ikkje først her, men under Andre gudstenester i punkt 3. Kulturarrangement tekne med under pkt. 7 c, først heller ikkje her.

#### 7.B.2 Kor mange konsertar, musikkandakter og liknande blei haldne i regi av andre.

---

### 7.C Kor mange andre kulturarrangement blei haldne?

**I** Kulturarrangement kan til dømes vere; foredrag, ulike markeringar av hendingar, teater, utstillingar lyrikraftan og liknande. Konsertar skal ein føre på 7.B.

#### 7.C.1 I regi av kyrkjelyden?

#### 7.C.2 I regi av andre?

**I** Gjeld ved utleige av kyrkja sine lokale

---

### 7.D Var det i statistikkåret tilbod om open kyrkje i soknet?

#### 7.D.1 Open kyrkje – talet på dagar/kveldar opne i løpet av året?

**I** Her meiner ein open kyrkje, også utan at det er noko slags aktivitet. Dersom fleire kyrkjer i soknet er opne, tel ein talet på dagar i året som soknet har tilbod om open kyrkje.

#### 7.D.2 Veg- og/eller pilegrimskyrkje

**I** Her fører ein talet på dagar som kyrkja var open for reisande og pilegrimar i løpet av året.

## 8 Frivillige medarbeidarar

### 8.A Kor mange frivillige medarbeidarar var total engasjerte i arbeidet i kyrkjelyden? (Ein person teljast ein gong i dette feltet).

**i** Her skal ein ta med dei frivillige medarbeidarane (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige. Her tel ein person **ein gong** (kor mange frivillige har kyrkjelyden til disposisjon totalt).

---

### 8.B Kor mange frivillige medarbeidarar (15 år eller eldre) var med i:

**i** I desse felte skal ein ta med frivillige medarbeidarar (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige. Ein og same person kan førast på fleire av aktivitetane, men blir tald berre ein gong innanfor kvart felt.

#### 8.B.1 ...planlegging og gjennomføring av gudstenester?

**i** Dette gjeld til dømes gudstenesteutval og gudstenestegrupper, samt medliturgar som tekstlesar, forbønnsleiar, forsongarar, lokale/tilknytte kor, kyrkjevertar m.m.

#### 8.B.2 ...barnarbeid i kyrkjelyden(0-12 år)?

**i** Her tek ein også med frivillige som driv barnekor.

#### 8.B.3 ...ungdomsarbeid i kyrkjelyden (13-25 år)?

#### 8.B.4 ...Kyrkjelydens diakonale arbeidet?

**i** i dette punktet tar ein ikkje med frivillige medarbeidarar som var engasjert i samband med kultur- og konsertarrangement, da disse skal tas med under nytt pkt. 8.B.5.

#### 8.B.5 ... kultur- og konsertarrangementa til kyrkjelyden?

**i** Dette gjelder frivillige medarbeidarar som var engasjert i samband med førebuing og gjennomføring av kultur- og konsertarrangement nemnd under pkt. 7.B, 7.C og 7.D.

#### 8.B.6. ... komité- og utvalsarbeid?

**i** Alle medlemmer i komitear og utval tar ein med her, også soknerådet sine medlemmer.

#### 8.B.6.b ... av desse medlemmer i soknerådet (medlemmer og vara medlemmer). Medlemmer av kyrkjelyden som er med i komité- og utvalsarbeid kan ikkje være større enn 8.B.6 (totalt tal frivillige i komité- og utvalsarbeid).

#### 8.B.7 ...anna kyrkjelydsarbeid som ikkje er tatt med under pkt. 8.B.1-8B.6.

**i** f.eks. bladbærarteneste, dugnads- og anna kyrkjelydsarbeid.

---

### 8.C Opplæring og samlingar

#### 8.C.1 Gav kyrkjelyden tilbod om opplærings- eller motivasjonssamlingar for frivillige vaksne medarbeidarar?

#### 8.C.2 Arrangerte kyrkjelyden fest for frivillige, medarbeidarfest o.l.?

---

## 9 Misjons-, vennskaps- og solidaritetsarbeid

I pkt. 9.1 og 9.2 er det alfabetisk liste over land. Skrolle nedover med pil til aktuelt land.

### 9.1 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) misjonsavtala(r)?

**i** Ein avtale gjennom ein misjonsorganisasjon som inkluderer økonomisk støtte. Til dømes gjennom ein av SMM-organisasjonane (Samarbeid menighet og misjon).

### 9.2 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) vennskapsrelasjon(er) til ein kyrkjelyd eller organisasjon i eit anna land?

**i** Ikkje misjonsavtale, men gjensidig relasjon med f.eks. forbøn og jevnleg kontakt. Vennskaps kyrkjelydar førast her.

### 9.3 Hadde kyrkjelyden arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema?



**i** Her regner ein arrangement utanom gudstenester, slik som ope møte, kulturarrangement, foredrag, basar/loppemarknad og innsamlingar som fasteaksjonen.

---

## 10 Oftringar, innsamlingar og gåver

**i** Alle beløp skal ein føre opp i heile kroner. Det blir gitt feilmelding dersom beløpet i kolonne to er større enn beløpet i kolonne ein.

10.1 **Kor stort beløp blei samla inn ved offer/kollekt i kyrkja?**

10.2 **Kor stort beløp blei samla inn via givartenesta i kyrkjelyden?**

10.3 **Kor stort beløp blei samla inn ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande?**

**i** Her fører ein andre gåver til kyrkjelydens arbeid (til dømes til barne- og ungdomsarbeidet, diakoni, misjon, kyrkjelydsbladet), gåver til inventar og utstyr til kyrkja/kyrkjelydshuset, innsamling til KNs fasteaksjon, samt andre innsamlingsaksjonar som til dømes loppemarknad, flaskeinnsamling, konsertar til inntekt for eit spesielt formål. Offentlege tilskot frå kommunen, medlemskontingent, overskot av kafédrift, utleigeverksemd osv. skal ikkje med her.

---

## 11 Merknader

Her kan ein til dømes nemne/presisere forhold ved enkelte av felta dersom verdiane avvik vesentleg frå året før. Ein kan også nemne kva for felt/tal som gjeld for fleire sokn.

### Eventuelle koronatiltak

Dersom de har talet på gudstenester som vart strøymde på grunn av koronasituasjonen og deltakarar på desse, kan de nytta felta under til rapportering.

<input type="text"/>	Talet på strøymde gudstenester pga. korona ikkje rapportert annan stad.
<input type="text"/>	Talet på deltakarar på strøymde gudstenester pga. korona ikkje rapportert annan stad.

Gudstenester som vart gjennomførte fysisk og også strøymde, skal berre førast ein gong, og i det ordinære feltet for gudstenester. Talet som fysisk har møtt i kyrkja skal førast som deltakarar i tilknytning til dette feltet, for å unngå brot mot tidlegare årgangar, og digitale deltakarar blir ført i det nye «korona-feltet». Gudstenester som berre vart strøymde, skal berre førast i «korona-feltet».

Har sokna andre koronarelaterte tenester eller meir detaljerte gudstestetetal de ønsker å rapportera, nyttar de det generelle merknadsfeltet under punkt 11.

---

## 12 Kontroll mot fjorårstal

Dette feltet fyller seg ut automatisk og gjer det mogeleg å sjekke nokre tall mot fjorårstal.